

**PROTOKOLL**  
**Møte i Helseutvalet i Nordhordland**

**Møtetid:** **31.01.2014**

**Tilstades:** Karstein Totland, Tord Moltumyr, Ernst Horgen, Øyvind Olsnes, Odd Ivar Øvregård, Petter Kubon, Rune Heradstveit, Anita Sørtveit og Anne Hildegunn Færøy

**Møteleiar:** Odd Ivar Øvregård

**Referent:** Anne Hildegunn Færøy

**Gjestar:** Oddvin Neset, Rolf Martin Tande og Leidulv Brunborg

| SAKSNR | SAKSLISTE  | Ansvaret/<br>oppfølging |
|--------|--|-------------------------|
|        | Referat frå utvalsmøte 18.10.2013 godkjent utan merknader  |                         |
|        | Saksliste og innkalling til møtet godkjent utan merknader.   |                         |
| 01/14  | <p><b>"SkuleHelseLaget"</b></p> <p>Rolf M. Tande, kommuneoverlege i Masfjorden presenterte ideskisse til eit prosjekt for utforming av undervisningsmodellar til folkehelsearbeid for born og unge, t.d ambulerande kompetansteam som kjem til skulane med eit tilrettelagt undervisningstilbod om aktuelle tema retta mot ulike aldrar.</p> <p>Rolf Tande ba om mandat til å gå vidare med prosjektskissa for å vurdere dette som eit regionalt tiltak i samarbeid med aktuelle samarbeidspartar frå helseføretak, utdanningsinstitusjonar m.v</p> <p>Etter presentasjon og drøfting konkluderte utvalet med at dette er spanande tankar, men at dei ønska at prosjektet blir meir konkretisert og at vidare prosess blir avklara før dei kan slutta seg til at eit større arbeid vert sett i gang. Det vart mellom anna presisert at der er viktig at slike prosjekt vert sett i samanheng med folkehelsearbeidet som er gjort – ref.sak 02/14</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Helseutvalet ber om at prosjektet blir meir konkretisert og at prosess for gjennomføring blir presentert før utvalet tar stilling til om dette skal prioriterast som eit samarbeids prosjekt mellom kommunane. Utvalet ber om at tiltaket vert vurdert i samanheng med tilrådingar i rapport om interkommunalt samarbeid om folkehelse(sak 02/14).</p> |                         |
| 02/14  | <p><b>Interkommunalt samarbeid om folkehelse.</b></p> <p>Leidulv Brunborg, kommunepsykolog og leiar for arbeidsgruppa som har utarbeidd <i>Rapport om interkommunalt samarbeid om Folkehelse</i> presenterte innhald og tilrådingar i rapporten. Det er mellom anna gjort vurderingar som viser at det kan vera tenleg for kommunane å samarbeida for å få oversikt over utfordringsbilete på tvers av kommunar, utvikla og dela kompetanse, koordinera og vidareutvikla nettverk relevant for folkehelsearbeid, samt nytta og vidareutvikla kartleggings- og kvalitetssystemet La linea i kommunane og i eit interkommunalt samarbeids perspektiv.</p> <p>For å få dette til har gruppa mellom anna sagt at det er trøng for eit tettare samarbeid med Hordaland fylkeskommune og at det må på plass ein koordinator for ei interkommunal satsing på folkehelse.</p> <p>Rapporten er lagt fram som ei orienteringssak og skal til handsaming i</p>  |                         |

|       |  |  |
|-------|--|--|
|       | <p>regionrådet. Den er å sjå som vedlegg til Regional plan for samarbeid innan helse og omsorgstenesta i Nordhordland, og tilrådingar er implementert i denne planen.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Helseutvalet tar orienteringa til vitande og ber om at innspel til rapporten med tilrådingar vert meldt til Regionrådet i samband med deira handsaming av saka 14.02.2014.</p>  |  |
| 03/14 | <p><b>Regional plan for samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Nordhordland.</b></p> <p>Med utgangspunkt i tidlegare arbeid vert det lagt fram nytt utkast til plan for samarbeid innan helse- og omsorgstenesta. Planen består av ein hovuddel med innsatsområde, handlingsplan og ein vurderingsdel.</p> <p>Etter godkjenning i Helseutvalet vert planen sendt til gjennomgang i kommunane, før den går til handsaming i Regionrådet og etter dette til politisk handsaming i kommunane.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Helseutvalet sluttar seg til at framlegg til plan vert sendt til gjennomgang og vurdering i kommunane på administrativt nivå, og at eventuelle innspel til planutkastet blir vurdert inn i planen før handsaming i Regionrådet og i kommunane.</p> <p>Utvalet støttar prosess og plan for oppfølging av tiltakspunkt, slik det er skissert i Handlingsplan og plan for gjennomgang og forankring.</p>  |  |
| 04/14 | <p><b>Korleis sikre ressursar til interkommunalt utviklingsarbeid, samt deltaking i arbeidsgrupper og utval?</b></p> <p>Tord Moltumyr ber HU drøfta utfordringar rundt utpeiking av kommunale representantar til interkommunalt utviklingsarbeid og samarbeid med helseføretaket/arbeidsgrupper/nettverk som er initiert med bakgrunn i oppfølging av avtaleverket og revisjon av dette. Mellom anna vert det stilt spørsmål ved korleis ein kan sikra fastlegane si deltaking i dette arbeidet. Det er også utfordrande å avsetje kommunalt tilsette til slikt arbeid når ein frå før har knapt med ressursar til kommunale oppgåver. Det bør mellom anna vurderast om det skal etablerast eit interkommunalt fond for frikjøp av ressursar til slikt arbeid.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Helseutvalet oppfordrar Rådmannsutvalet til å drøfta denne saka, og vurdera løysingar for kommunal representasjon i interkommunalt utviklingsarbeid og i samarbeidet med helseføretaket, då særleg knytt til oppfølging av samarbeidsavtalane.</p> |  |
| 05/14 | <p><b>Representantar til Underutval for akuttmedisinsk beredskap</b></p> <p>Samarbeidsutvalet i Nordhordland har gjort vedtak om at det skal etablerast Underutval for akuttmedisinsk beredskap i Nordhordland, som ei oppfølging av tenesteavtale 11 og 12 mellom kommunar og Helse Bergen HF.</p> <p>Utpeiking av representantar til dette utvalet må sjåast i samanheng med sak 04/14. Grunna sjukemelding i sekretariatet er det ikkje starta prosess for kommunane sin representasjon i utvalet.</p>  |  |
| 06/14 | <p><b>Planlegge for møte med HV.</b></p> <p>Det er stadfesta at HV kjem til Helseutvalet sitt møte 25.4. Det må lagast ein agenda for møtet.</p> <p>Helseutvalet tilrår at leiar i HU og sekretær for utvalet utarbeider framlegg til agenda saman med leiar for Regionrådet og leiar for Samarbeidsutvalet. HU ber om at framlegg til agenda blir presentert i møte 14. mars.</p>   |  |

|       |  |  |
|-------|--|--|
| 07/14 | <b>Orientering om endring i tilbod om Mammografiscreening for kvinner i Nordhordland</b><br>Sidan verken Astrid Byrknes eller Nils Marton Aadland er til stades i møtet vil ein komma tilbake til orientering i denne saka ved seinare høve.   |  |
| 08/14 | <b>Prosjekt Helsehus</b><br>Statusoppdatering:<br>Kommunestyra i alle ni kommunar handsama i desember 2013 sak om Helsehusprosjektet, og har gjort likelydande vedtak når det gjeld oppføring, eigarskap, økonomi og at NUI får i oppdrag å sikra framdrift i prosjektet. Når det gjeld tomtesørsmålet, så har Lindås kommune gjort grundige vurderingar og komme fram til at kommunen ikkje kan frigjere tomt T13 ved Rådhuset, slik det er presentert i sak og rapport. NUI arbeider vidare med andre tomtealternativ som er presentert i rapporten NUI har utarbeidd. Det pågår parallelle prosessar når det gjeld samarbeid med aktuelle leigetakrarar, utarbeiding av selskapsavtale og tomtesørsmål.   |  |
| 09/14 | Eventuelt<br><b>Samarbeid om Helseberedskap</b><br>Tord Moltumyr orienterer om at Bergen kommune har tatt initiativ til at Bergen og omkringliggende kommunar bør laga eit interkommunalt forum der kommunehelsetenesta v/ kommuneoverlege kan utveksle informasjon om beredskapsplanar, personellressursar, kapasitet(hjelp), ROS analysar i den enkelte kommune, og om mulig samkjøre planar der det er nødvendig.<br>Det er gjennomført eit møte der deltakarane har gått inn for å etablere eit interkommunalt helseberedskapsforum. For Nordhordland gjeld dette kommunane Meland, Lindås og Osterøy.<br><br><b>Invitasjon til "Innspelseminar om kompetansebygging"</b><br>Anne Hildegunn orienterte om "Innspelseminar om kompetansebygging" i regi av Helse Bergen som skal vere 05.februar. Kommunar er invitert til å delta gjennom Samarbeidsutvala. Leiar kan ikkje stilla. Er det andre som kan?<br>Det var ingen frå HU som kan stille på dette. |  |
|       |  |  |
|       |  |  |